





# Formidlaren C. S. Lewis og nokre av hans verk

Av: Ingveig Reilstad



# Innhald:

1. Innleiing.....	3
2. Forfattarskap.....	3
3. Sjanger og målgruppe.....	5
4. Analyse.....	6
4.1. <i>Djevelen dypper pennen</i> .....	6
4.2. <i>Løven, heksa og klesskapet</i> .....	8
4.3. <i>Se det i øynene</i> .....	9
5. Avslutning.....	11
6. Litteraturliste og kjelder .....	12

## Innleiing

”Det er jeg,” sa Aslan, ”men der har jeg et annet navn. Dere må lære å kjenne meg ved det navnet. Selve grunnen til at dere ble ført til Narnia, var at dere kan kjenne meg bedre i deres egen verden når dere har kjent meg her for en liten stund.” (2010c:568)

I 1950 gav C. S. Lewis ut den første av sju skjønnlitterære bøker som skulle kome til å fange mange barnehjarte i lang tid framover. Narnia-bøkene har også fascinert meg. Eg hugsar endå då 5 år gamle eg sat på fanget til onkel og høyrde på at han oversette boka frå engelsk til norsk slik at eg skulle forstå det. Etter kvart vart ikkje berre bøkene spennande, men også forfattaren. Som ei gåve fekk eg i 2012 reise til Oxford for å gå i fotspora til mannen bak Narnia-bøkene. Det som inspirerte meg, var at han ikkje berre var flink til å få fram den kristne budskapen slik at born kunne forstå den, men at han skreiv ulike tekstar for å nå forskjellige typar folk på ein god måte. Sitatet ovanfor er eit døme på dette. Det er henta frå den femte av dei sju Narnia-bøkene, og her ser vi tydeleg korleis han samanliknar Aslan med nokon i vår verd, nemleg Jesus.

Problemstillinga eg har valt å jobbe ut frå, er:

*Korleis formidlar forfattaren den kristne trua gjennom bøkene *Djevelen dypper pennen, Løven, heksa og klesskapet og Se det i øynene?**

Grunnen til at eg valde akkurat desse bøkene, er at dei representerer tre ulike sjangrar og har tre ulike målgrupper. Først skal eg skrive litt om forfattaren og deretter gi ei oversikt over dei ulike sjangrane. I analysedelen går eg inn på kvar bok og finn ut korleis Lewis skriv om den kristne budskapen.

## Forfattarskap

Clive Staples Lewis, eller Jack, som kallenamnet hans var, vart fødd i Belfast i 1898. I barndommen blei han oppdratt i den kristne trua, men la den bevisst frå seg i 13-årsalderen. Grunnen til det var ikkje at han nekta for Guds eksistens, men heller at han var så irritert på Gud fordi han tillét så mykje urett i verda. Irritasjonen vart særst sterk då mora døydde av kreft. I tenåra blei Lewis inspirert av naturen, dyreriket og ikkje minst av den norrøne mytologien. Han begynte å skrive om dette og eksperimenterte med ulike sjangrar. I 1916

vant han eit stipend til University College i Oxford. Under eitt år etter verva han seg likevel til den britiske arméen mot faren sin vilje, for å vere med å kjempe i 1. verdskrig. Lewis vart sendt til Frankrike, og der blei han kjent med ein ire som heitte Paddy Moore. Dei vart nære venner, og Lewis heldt løfte sitt om å ta seg av mora til Paddy etter at kameraten døydde i 1918. Forskarar meiner at Paddy si mor har vore inspirasjon til fleire karakterar i Lewis sine bøker (Wikipedia 2017). I 1919 debuterte han som forfattar og begynte å studere igjen.

I 1924 blei Lewis lærar i engelsk litteratur og rettleiar i filosofi ved Magdalen College i Oxford. Her blei han god venn med katolikken J. R. R. Tolkien, og tankane om den kristne trua vendte tilbake. Han begynte å lese kristen litteratur som gjorde sterkt inntrykk på han. Etter fleire samtalar langs elva ved Magdalen Collage hjelpte Tolkien Lewis slik at han til slutt forstod at den kristne myta han hadde lese om, måtte vere sanninga. I 1929 gav Lewis livet sitt til Jesus og meldte seg inn i den engelske kyrkja. I tillegg gjekk han frå å skrive poesi til å skrive prosatekstar kor han reflekterte over den nye trua si.

Medan Lewis begynte å vekse i det kristne livet, begynte han også å vekse i livet som forfattar. Saman med Tolkien og elleve andre menn, starta Lewis ei litterær foreining dei kalla The Inklings, som tyder ”dei små blekkpennane”. Foreininga møttes kvar tysdag på puben ”Eagle&Child” i Oxford og diskuterte og las kvarandre sine uferdige litterære tekstar. Medlemene var litterære entusiastar og The Inklings heldt på frå 1931 til 1949. I denne perioden skreiv Lewis nokre av dei mest kjente verka sine. *Djevelen dypper pennen*, som kom i 1942, blei til dømes lesen opp for resten av gruppa på puben og vurdert.

I 1939 braut 2. verdskrig ut og i 1941 fekk han tilbod om å tale om kristen tru i eit radioprogram på BBC. Dei talane han haldt i det programmet, var dei som blei til boka *Se det i Øynene*, som blei publisert i 1952. Talane opna opp for eit større publikum, og Lewis begynte nå å bli landskjent for det han dreiv med. Fleire av bøkene hans blei skrivne under krigen eller tidleg i etterkrigstida. Dei er alle prega av det som skjedde i Europa desse åra. *Djevelen dypper pennen* sin hovudperson blir t.d. soldat i krigen.

Då krigen var slutt fortsette altså C. S. Lewis å skrive, men nå som ein anerkjent forfattar i England. Ved slutten av 1940-åra begynte historia om Narnia å ta form etter at forteljinga lenge hadde vore i tankane til Lewis. *Løven, heksa og klesskapet* blei publisert i 1950, men den siste boka kom ikkje før i 1956. To år før dette hadde Lewis flytta til Cambridge og blitt

den første professoren innan middelalder- og renessanselitteratur. Dette har prega tekstane hans og Narnia-bøkene er eit døme på det.

C. S. Lewis døydde 22. November 1963, men dødsfallet blei overskygga av skotet på Kennedy i USA same dagen. Både Lewis sin forfattarskap og livet hans har likevel sett store spor i den engelske litteraturen, og spesielt dei apologetiske tekstane hans er til inspirasjon for mange kristne framleis.

## Sjanger og målgruppe

Som tidligare skrive har alle dei 3 bøkene ulik sjanger. *Djevelen dypper pennen* er ei fiktiv bok og blir gjerne omtalt som ein brevroman. Boka inneheld 31 brev, og frå byrjinga av blei desse breva publisert som ein artikkelserie i det kristne magasinet "The Guardian". Magasinet vart utgitt av den anglikanske kyrkja i England. Etter kvart vart serien samla til ei bok. Ein kan seie at boka er ei oppbyggingsbok for vaksne kristne. C. S. Lewis forklarar i innleiinga at menneska gjer to feil når det gjeld djevelen. Enten blir vi altfor opptatt av han og gløymer Gud, eller så gløymer vi at djevelen også er ein realitet. Lewis ønskte derfor at denne boka skulle verte til hjelp for kristne til å ikkje bli lurt av djevelen sine knep.

*Løven, heksa og klesskapet* er nummer to i Narnia-serien. Grunnen til at eg valde akkurat denne boka, er at dette var den første i serien han skreiv og publiserte. Opphavleg er det ei fantasybok for barn, og det kjem tydeleg fram fleire plassar i boka. Han bruker teknikken metaperspektiv og skriv t.d.: "...og andre skapningar som jeg ikke en gang vil beskrive for det er ikke sikkert de voksne ville la deg lese denne boka hvis jeg gjorde det" (1979:128). Dette viser at han definerer vaksne utanfor dei han skriv til. Likevel kan boka også vere fascinerande for vaksne.

Mange vil seie at Narnia-serien er ein allegori og kan bli samanlikna med den bibelske forteljinga om Jesu død og oppstode. Lewis meinte sjølv at historia hans ikkje var ein rein allegori, men ei "la oss tenke oss at"-historie. Ved å skrive ei slik historie, gav han oss lesarar fridom til å utvikle forteljinga på vår fantasifulle måte, og til å skape våre eigne bilete av kva dei enkelte historiene peiker mot.

*Se det i øynene* var, som eg nemnte ovanfor, i utgangspunktet radiotalar som C. S. Lewis talte til det britiske folket under den andre verdskrigen. Talane blei etter kvart satt saman til dei tre bøkene *The case for Christianity*, *Christian behaviour* og *Beyond Personality*. Nokre år etter blei desse sett saman til ei bok med tre deler. Den blir sett på som ein argumenterande sakprosaetekst. Det forfattaren argumenterer for, er den kristne trua, og boka er blitt viktig innan kristen apologetikk. Talane er skrivne for det engelske folket, deriblant både kristne og ikkje-kristne.

## Analyse

I *Djevelen dypper pennen* er hovudmålet for C. S. Lewis å gjere kristne menneske klar over kva for knep djevelen bruker for å freiste oss bort frå Guds vilje. Sidan boka handlar om to djevlar som skriv brev til kvarandre, vender han seg ikkje direkte til oss lesarar. Alt som blir formidla av den kristne trua er informasjon som djevelen Tommeskrue legg til i dei 31 breva til nevøen sin Malurt, som er ein nyutdanna demon.

Malurt får i oppdrag å sikre seg sjela til eit menneske eller hindre det i å bli ein kristen. Dette mennesket blir kalla "pasienten". Vi får eit innblikk i livet til pasienten på reisa hans inn i kristenlivet. Boka formidlar kristenlivet med alle utfordringar knyta til det, men under dette temaet kan vi også finne informasjon om kven Gud og Djevelen er. Eg skal vidare forklare korleis alle desse temaa blir beskrivne.

Gjennomgåande i heile boka ser vi at Gud, som blir beskriven som Fienden, har overtaket på djevlane. Dei kan gjere mykje for å få menneska bort frå Hans vilje, men dei manglar innsikt og kunnskap både om Han og menneska. Dette er djevlane fullt klar over sjølv. For å forstå menneska treng dei t.d. informasjon frå eit menneskeleg perspektiv. Tommeskrue skriv "Å, for et avskyelig overtak Fienden der har på oss" (2010a:17). Djevlane er ånder og har aldri vore menneske, i motsetning til Gud, som blei menneske i form av Jesus. Eit anna døme på overtaket Gud har er i forbindelse med bønn. Tommeskrue skriv til Malurt at djevlane ikkje kan høyre kva Gud taler til menneska (ibid). Derfor veit ikkje dei kva motargument Gud kjem med i ein diskusjon. Dei klarar heller ikkje å forstå seg på Guds kjærleik.

Djevlane mislykkast ofte i det dei gjer, men ikkje alltid. Det er derfor Lewis meiner det er viktig å få avdekke djevelen sine knep ved å sjå det heile frå den vonde sitt perspektiv. Guds

mål med menneska er at dei skal kunne leve i einskap med han som sjølvstendige vesen i evigheita (2010a:52). Djevelen sitt mål er at dei kristne skal miste trua si, og at menneske aldri blir kristne. Måten Gud og djevelen ser menneska på, er veldig forskjellig. Gud hjelper menneska og grip inn i vanskelige situasjonar dersom menneska ber om hjelp (2010a:32). Djevelen ser på menneska som halvt dyr og halvt ånd, og djevel demonane omtaler menneska med negativt ladde ord som til dømes ”kreket” (2010a:89). Gud har gitt menneska ”fri vilje” (2010a:22), og det er i prosessane der menneska skal velje sjølv at djevelen liker best å kome med freistingar.

Dei fleste freistingane, går på dei indre tankane våre, og skal få oss til å bli dårlegare menneske. Eit døme på det djevelen liker å gjere, er å skape frykt i oss. Han liker når vi bekymrar oss for framtida (2010a:40). Då gløymer vi å leve ”her og nå” slik Gud ønskjer (2010a:86). Tommeskrue fortel at når menneska har det vondt og vanskeleg, har djevlane sjansen til å gripe inn å gjere det endå verre (2010a:55).

Når det gjeld forholdet til andre menneske, fortel Tommeskrue at ”fienden ønsker at han (pasienten) til slutt skal bli så fri for alle tanker på egen fordel at han kan glede seg over sin egen begavelse like åpent og takknemlig som han gleder seg over naboens begavelse” (2010a:83). Med det meiner han at Gud vil vi skal vere fornøgde med det vi har og ikkje sjå ned på oss sjølv. Vi skal heller vise nestekjærleik og ikkje vere hovmodige. Djevlane vil prøve å få oss sjølv gode og stolte (2010a:81) ved å t.d. tenkje at ein sjølv eig tida og betrakte ting som ”mine” (2010a:118). Den siste type freisting går på kyrkjelyden. Djevlane prøvar t.d. å få pasienten inn i dårlege kyrkjelydar, der presten driv med vranglære og vatnar ut religionen (2010a:93).

Vi ser at Lewis drar inn mange viktige sanningar om korleis djevelen prøver å freiste oss bort frå Gud. I boka ligg det også underliggande sanningar om kven Gud og djevelen er. Vi ser tydeleg kontrasten mellom det gode og det vonde, og at det vonde treng informasjon om det gode for å kjempe mot, akkurat som kristne treng informasjon om det vonde for å stå mot det. Ved å beskrive det negative og ha det i fokus, får Lewis fram det positive på ein indirekte måte. I innleiinga poengterer han at vi må hugse på at djevelen er ein løgnar og derfor lyg (2010a:13). Likevel er det som blir sagt om Gud og Guds forhold til menneska sant, men vi må tenkje omvendt for å forstå det sidan djevlane seier at Gud tar feil. Dette seier litt om målgruppa for boka. Ein må forstå denne omvendte tenkemåten for å forstå den eigentlege

bodskapen. For ikkje å skape frykt hos dei kristne, blir Gud framstilt som han som har overtaket og det blir derfor ei oppbyggingsbok for å styrkje kristne.

C. S. Lewis kunne også meir enn å skrive bøker til vaksne. I *Løven, heksa og klesskapet* er det, som tidligare nemnt, barna som skal vere målgruppa. Boka er faktisk dedikert til jenta Lucy Barfield, som han var gudfar til. Han skriv på første sida som eit forord at ”en vakker dag vil du bli gammel nok til å lese eventyr på nytt” (1979:7). Med det viser han at boka er for folk i forskjellige aldrar, men at vakse kan forstå forteljinga på ein annan måte. Denne type litteratur kallar vi alderlitteratur. Ved å lese denne Narnia-boka, meiner eg at vi kan få ei betre forståing av Jesu død og oppstode, sjølv om det ikkje er ein direkte allegori.

Her blir vi kjent med søskena Peter, Susan, Edmund og Lucy, som flytter ut til ein professor i eit stort hus på landsbygda, på grunn av krigen som herjar i London. Ein dag dei leiker i huset havnar yngstesøstera Lucy inni ein stort klesskap, som visar seg å vere ein veg til ei verd som kallast Narnia. Ho får etter kvart med seg resten av søskenflokket inn i denne verda. Der får dei informasjon om den vonde Heksa Kvit som herskar i landet. Det blir ein kamp mellom det vonde og gode, og etter at løva Aslan ofrar seg for ein av ungane, vinn det gode. Barna frå vår verd blir deretter krona til kongar og dronningar i Narnia.

Sjølv om vi kan tenkje oss at vi kan samanlikne innhaldet i boka med kristendommen, blir religion nesten ikkje nemnt i boka. Det eine som står er at ”noen var større enn en Bibel i kirken” (1979:12), når det blir skrivi om bøkene i biblioteket til professoren. Ein annan konkret referanse til Bibelen er at barna blir kalla for ”døtrer av Eva” og ”søner av Adam” av dyra i Narnia (1979:15:32). Tydelegvis veit innbyggjarane også kva jul er, men det står ikkje noko om kvifor dei feirar dette (1979:91).

Når vi skal samanlikne vidare, er det sjølv sagt ingen fasit på tolkinga, men vi kan bruke ”tenke-oss-at”-metoden til Lewis. Vi kan tenkje oss at kampen mellom det gode og det vonde er kampen mellom Gud og djevelen. Då blir Heksa Kvit eit bilete på djevelen og løva Aslan eit bilete på Jesus. Når barna er på besøk hos her og fru bever, snakkar dei om ein profeti som fortel at Aslan skulle komme tilbake, våren komme igjen og alle sorger forsvinne (1979:69). Aslan skulle bringe nytt liv inn i Narnia, akkurat som Jesus kom med frelse og nytt liv til menneska. Narniarane ventar på Aslan slik som menneska i det gamle testamentet venta på Jesus. Lewis sa sjølv at han såg for seg at Jesus ville bli som ei løve i forteljinga, fordi Jesus



blir kalla "løva av Judas stamme" i Bibelen (Openberringa 5,5) og fordi løver ofte blir tenkt på som "kongen over dyra". Det blir Aslan også kalla i boka: "vet dere ikke hvem som er dyrenes konge?" (1979:69).

Som andremann inn i Narnia, møter Edmund hekse kvit, som er på veg rundt i riket "sitt". Ho gir han gelétoppar og han fell under hennar trolldom. Vi kan tenke at Edmund blir som Judas Iskariot. Vidare i historia jobbar han saman med søskena sine, men ved slutten merker dei andre at han er ein forrædar. Noko anna vi kan tenke oss er samanlikna med kristendommen, er steinbordet Aslan døyr på. Steinbordet inneheldt Narnia sine lover og vart laga av Aslan sin far, "den store hersker-bortenfor-havet". Ein av desse lovane seier at hekse hadde ansvar for ein kvar forrædar og kunne drepe han viss ho ville. Vi kan tenkje oss steinbordet som steintavlene med dei ti boda Moses fekk av Gud på Sinai-fjellet i det gamle testamentet. Då Aslan døydde på steinbordet i staden for Edmund, og deretter stod opp, knakk bordet i to. Det kan samanliknast med Jesus som oppheva moselova, men også med forhenget i tempelet som rivna i to slik at menneska kunne få tilgang til Gud.

Lewis formidlar altså den kristne trua indirekte. Han fortel ei historie, men dersom vi brukar "la oss tenke oss at"-metoden hans, kan vi lese historia som ei anna historie, nettopp kjernen i det kristne budskapet. Lewis var likevel tydeleg på at det ikkje var direkte referansar til Bibelen. Vi ser uansett så tydelege likskapstrekk at det hadde blitt merkeleg å ikkje ta det med.

I *Se det i øynene* skriv C. S. Lewis på ein måte som gjer at han fangar merksemda til både kristne og ikkje-kristne. Det er ei apologetisk bok og målet er å forsvare den kristne trua, men også å få ikkje-kristne til å kunne reflektere over om den kristne trua kan vere noko for dei. I forordet, som er skriva av Olav Egil Aune, les vi at Lewis eigentleg ikkje har skriva boka berre for å overtale lesarane. Han skriva også for å klargjere kristentrua for sin eigen del. "Han skrev altså innenfra og inn, ikke innenfra og ut" (2010b:7). Som lesarar kjenner vi likevel at teksten er til oss fordi han brukar ord som "dere" og "oss" gjennomgåande i heile boka. Utsegna "Hele hensikten med vårt liv er at vi skal bli tatt inn i Guds liv på denne måten" (2010b:123) er eit døme på det. Dette gjer teksten meir personleg og meir spanande for lesarane. Dei opplev det som ein direkte kommunikasjon.

Boka er delt i tre. I den første delen blir ikkje kristendommen nemnt som det rette, men han skriv ganske generelt om naturloven og moralloven vi menneske har inni oss, og om reglane i naturen. Han lar oss dvele litt med tanken på kor dette kan kome frå. Det *kan* finnast ein Gud som står over alt dette, men det kan også vere tilfeldigheiter skriv han. Før Lewis går inn i den andre delen, fortel han at han personleg er einig i den kristne trua og meiner den står bak alt han har beskrive tidlegare. I den andre delen fortel han kva dei kristne trur, og det med eit subjektivt syn. Han bruker god tid på å bevege seg inn på den kristne retninga frå det generelle om Gud og gudar til at kristendommen tek både det gode og det vonde på alvor. Deretter går han meir inn på kva Guds frie vilje til menneska er, kven Jesus er, og til slutt kva det vil seie å vere nye menneske i Kristus. I den siste delen går han endå meir inn på den kristne trua. Han skriv om kva det vil seie å vere Guds barn, om kva treeinigheita er, om Guds tidsperspektiv, og om det å vere lik Jesus.

Boka er bygd opp slik at lesarane sit igjen med spørsmål etter dei ulike kapitla, og for å finne ut svaret må dei lese vidare. Eit døme på ei slik setning er når han skriv om naturlova: ”En virkelig lov som ingen av oss har skapt, men som vi likevel merker trykker på oss” (2010b:51). Her sit ein igjen med spørsmålet om kven som eigentleg har skapt lova. Dette kan vere ein av grunnane til at talane som boka byggjer på blei så populære.

Når Lewis formidlar den kristne trua, ser vi at han har vore i same situasjon som dei som har lite kunnskap om kristendommen. Vidare gjer det munnlege språket at lange akademiske setningar med mange store fagord blir utelatt, og det som skal bli forklart blir forklart på ein enkel måte. Han samanliknar blant anna den kristne budskapet med daglege ting i liva til menneska. Dette gjer at lesarane lettare kan forstå kva han meiner. Eit døme er når han samanliknar den kristne teologien med eit kart og møtet med Gud med dei engelske strendene som peiker ut mot Atlanterhavet (2010b:115). Eit anna døme er når han skal forklare korleis Gud held seg til tida: ”Hvis vi tenker oss tiden som en rett linje vi må gå etter, må vi tenke oss Gud som hele arket der linjen er trukket opp” (2010b:134). Eg meiner at Lewis forklarar den kristne trua best når han bruker døme som dette.

Det munnlege språket er sjølvsagt grunna i at boka opphavleg er talar, men Lewis vel likevel å ikkje endre språkbruken i boka. Noko anna som grunnjev hans forståing for dei ikkje-kristne sitt perspektiv, er at han veit om tema som dei gjerne ikkje forstår og som skapar mange spørsmål. Etter å ha forklart at Jesus kom ned til jorda for å gi menneska moglegheita

til å bli Guds barn igjen, startar Lewis det neste kapittelet med å seie: ”For å unngå misforståelser legger jeg her til noen merknader til to spørsmål som reiser seg i forbindelse med det forrige foredraget” (2010b:153). Han veit at spørsmåla kjem og vel å svare på dei for å få fram poenget sitt endå betre. Ved å svare på spørsmål på den måten imøtegår han argumentasjonen til motstandaren. Han kjem dei dermed i forkjøpet.

## Avslutning

For å summere opp, kan vi seie at C. S. Lewis sin forfatterskap i stor grad vart påverka av konverteringa hans til kristendommen. Han har gått frå å skrive poetiske tekstar til å publisere romanar, fantasy- og apologetiske bøker som har betydd mykje for menneske i fleire generasjonar. *Djevelen dypper pennen* har gitt vaksne kristne betre kjennskap til korleis dei kan stå mot djevelen sine freistingar. *Løven, heksa og klesskapet* har gitt barna ei fantastisk ny verd kor det gode vinn, og gitt dei vaksne eit nytt bilete på kristendommen si frelseshistorie. Den apologetiske boka *Se det i øynene* har vore med å styrka både hans eiga og lesarane si tru og gitt dei gode argument i møte med ikkje-kristne.

Vi har sett at måten han har formidla trua på, er forskjellig frå bok til bok. I *Djevelen dypper pennen* får vi den kristne trua gjennom indirekte kommunikasjon frå den vonde sida. Trua blir framstilt negativt, men indirekte kjem det fram positivt dersom vi tenkjer motsett, slik Lewis vil vi skal. Narnia-boka er også ei indirekte formidling av trua, men her blir det klart framstilt på ein positiv måte, i motsetning til brevromanen. *Se det i øynene* er ei direkte formidling til lesarane og Lewis brukar samanlikningar med dagleglivet for å få fram kristne poeng.

Som eg sa i innleiinga, blir eg veldig fascinert av måten Lewis skriv på. Etter å ha lese og analysert desse bøkene, sit eg igjen med mykje god kunnskap og eg vil faktisk seie at eg har vakse personleg i mi eiga kristne tru. Det vi kan tenkje vidare på, er om vi kan finne den kristne budskapen på same måte i dei andre bøkene til Lewis. Eller er det noko ved måten han skriv på som gjer at så mange forstår og lærer av bøkene hans?

## Litteraturliste og kjelder:

Lewis, C. S. (2010a). *Djevelen dypper pennen*. Oslo: Luther forlag.

Lewis, C. S. (2010b). *Se det i øynene*. Oslo: Luther forlag.

Lewis, C. S. (2010c). *Reisen til det ytterste hav*. Oslo: Gyldendal Norsk forlag.

Lewis, C. S. (1979). *Løven, heksa og klesskapet*. Oslo: Gyldendal Norsk forlag.

Christianity today (u.å). "C. S. Lewis". "Christian history"

<http://www.christianitytoday.com/history/people/musiciansartistsandwriters/cs-lewis.html>  
(22.01.2018)

Dahle, Lars (2018, 20. januar). "C. S. Lewis og Narnia". E-post

Dahle, Lars (2018, 21. januar). "C. S. Lewis og Narnia". E-post

Movieguide magazine (u.å). "The deeper truth behind the chronicles of Narnia"

<http://www1.cbn.com/books/deeper-truth-behind-chronicles-narnia> (31.01.2018)

Saxrud, Katrine (2014). "Legenden om Narnia - inspirert av bibelfortellingen?"

<https://prezi.com/5u7gnhpdhxo/legenden-om-narnia-inspirert-av-bibelfortellingen/>  
(31.01.2018)

Stewart, Robert B. (u.å). "C. S. Lewis` Journey to Faith". "CBN" <http://www1.cbn.com/cs-lewis-journey-faith> (21.01.2018)

Store norske leksikon. "C. S. Lewis" [https://snl.no/C.\\_S.\\_Lewis](https://snl.no/C._S._Lewis) (22.01.2018)

WikiNarnia (u.å). "Stone table" [http://narnia.wikia.com/wiki/Stone\\_Table](http://narnia.wikia.com/wiki/Stone_Table) (31.01.2018)

Wikipedia (2017). "C. S. Lewis" [https://no.wikipedia.org/wiki/C.S.\\_Lewis](https://no.wikipedia.org/wiki/C.S._Lewis) (21.01.2018)

Wikipedia (2018). "Mere Christianity" [https://en.wikipedia.org/wiki/Mere\\_Christianity](https://en.wikipedia.org/wiki/Mere_Christianity)  
(21.01.2018)

Wikipedia (2017). "The Screwtape Letters"

[https://en.wikipedia.org/wiki/The\\_Screwtape\\_Letters](https://en.wikipedia.org/wiki/The_Screwtape_Letters) (20.01.2018)

Wikipedia (2018). "C. S. Lewis" [https://en.wikipedia.org/wiki/C.\\_S.\\_Lewis](https://en.wikipedia.org/wiki/C._S._Lewis) (24.01.2018)

Wikipedia (2018). "Inklings" <https://en.wikipedia.org/wiki/Inklings> (24.01.2018)

*Takk til min flinke lærar Sigrun. ☺*